

Tarjei Vesaas og Arne Garborg skriv dikt om Ivar Aasen

Det er mange forfattarar som har skrive om Ivar Aasen, enten dikt eller andre typar tekstar. Her er eit dikt Arne Garborg skreiv i høve gravferda til Aasen, og eit dikt Tarjei Vesaas skreiv i høve hundreårsminnet for utgjevinga av *Ordbog over det norske Folkesprog*. Desse dikta kan ein arbeide med for seg, eller sjå dei i ein samanheng med dikta til Ivar Aasen. Her er også to andre korte tekstar som seier noko om diktinga til Aasen.

Tarjei Vesaas (1950)

Ivar Aasen

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld
– den stille og vise
nedbrytaren av grenser,
den rolege og sikre
oppbyggaren i eit folk.

Dette er opningsstrofa i diktet «Ivar Aasen» som Vesaas framførte 17. november 1950 i Universitets aula ved feiringa av hundreårsminnet for *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850). Dagen etter stod diktet på trykk i Dagbladet. Den første setninga er mykje sitert, men heile diktet handlar om kva Vesaas meiner vi har å takke Ivar Aasen og arbeidet hans for. Diktet finn du på side 105 i boka *Tarjei i tale*:

<https://www.nb.no/items/930c8fc5c2c321fbed57f249d71e4743?page=105>

Oppgåver


- 1 Kva meiner Vesaas med opninga av diktet; «Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld». Kva slags fridom er det?
- 2 Kva er det Tarjei Vesaas legg vekt på ved Ivar Aasen vidare i dette diktet?
- 3 Kva har Aasen hatt å bety for det lyriske vi-et, i følgje Vesaas? Kven er det som er dette «vi»?
- 4 Similen «som når døra heime/let seg opp» blir brukt i diktet. Korleis forstår du dette?
- 5 Vesaas skriv om «vårt eige» i tredje strofa. Kva er det som er vårt eige?
- 6 Vesaas bruker både «oppbyggaren» og «nedbrytaren» om Aasen. Korleis kan dette passe på arbeidet til Aasen?
- 7 Er det nokon skilnad i oppfatninga av Ivar Aasen i dikta til Vesaas og Garborg?

Olav H. Hauge (1958)

Tek me norske diktarar frå Holberg og utyver, so ser me at dei alle fleste av dei kjem frå yverklassen, eller frå dei kondisjonerte. Det kan sjå ut som det var berre yverklassen som åtte evner. – Etter Aasen kjem eit vende. Me har fenge ei heil rekkje gåverike diktarar som alle kjem av bondestanden. Det syner seg at evnone alltid er der, det gjeld berre um at [dei] fær veksa og mognast (Dagbok 11. juli 1958)

Arne Garborg (1894)

Men kva heimhug og heimlengt er, det veit dei, som hev slike kjenslur, og um dei var det, me skreiv. Me hev høyrte gjete mange slike, helst frå landet, der folk i det heile meir veks fast til natur og heim. Det er ei djup og rik og varm kjensle, som det veks mykje godt og fagert av: og ho hev havt sine diktarar i alle land, men ikkje minst i Norig, der Ivar Aasen syng um heimen, so det aldri kann bli gløymt, – ikkje um heile Norig reiste til Amerika. (Artiklar og essay II)



Arne Garborg (1897)

Minnekvad um Ivar Aasen

Trøytt naar Soli ho gjeng i Hav
Stridsmann søkjer sitt Svæve;
sæl no søv under Hovustav
Ivar Aasen hin gjæve.
Minne vil vaka ved denne Grav
i all Æve.

Lang var Dagen og Vinna vand;
djup var Grunnen aa grava;
alt laag nedvelt i Aur og Sand;
tungt maatte Mannen kava,
fyrr han naadde det me og han
vilde hava.

vinna - arbeidet

Râm han rudde i Yrde stygt,
reiv baade Rot og Runnar,
til ein Dag han fekk Huse bygt
just paa dei gamle Grunnar.
Der skal det staa i Tiderne trygt
millom Lundar.

ram – vegg, loft yrde – ur, steinete jord

Der skal Symra um veggen gro,
Symra og alle Blomar;
der gjeng Ervingen staut og god,
vyrk baade Vinter og Somar.
Men millom Blaaberg i Solfalls-ro
Songen ljomar.

Song um heimen, der Hugen er fest,
dit den trøytt vil skunda,
Heimen, der Baane seg hyggjer best,
og der Gamling vil blunda,
dit me alle, i aust elder vest,
stødt maa stunda.

Heimen er tufta paa godan Grunn;
kom lat oss heil han byggja!
Høg skal han lysa i vene Lund
fredsæl og trufast tryggja.
At han kan til vaar siste Stund
um oss hyggja.

Heimen er tufta ved godan Manns
Strid gjennom Møda og Æra;
yver oss enn sviv Anden hans,
ser kva no me vil gjera.
Gjev han all Tid fekk glad sitt Lands
Gardvord vera!

gammal, trufast tenar på ein gard

Oppgåver

- 1 Kva bilete av Ivar Aasen er det Garborg vil få fram her?
- 2 Garborg bruker her husbyggingsmetaforar på arbeidet til Aasen. Kva trur du det tyder?
- 3 Samanlikn dette diktet med «Nordmannen» av Ivar Aasen. Finn du nokon likskapar?
<https://www.nynorsk.no/korrekt-versjon-nordmannen/>
- 4 I den fjerde strofa er det nokre referansar til Ivar Aasens dikting. Kan du finne dei?
- 5 Kva stemning er det i dette diktet tykkjer du? Er det ei anna stemning enn i diktet til Vesaas?